

Grovsorterte innspel til kommuneplanen sin arealdel Etne kommune 2017.

Vedtak i politisk styringsgruppe gir føringar om at private innspel til kommuneplanen sin arealdel (KPA) kan grovsortertast etter fylgjande kriterier:

1. *Innspel som klart bryt med gjeldande lovverk og statlege- og regionale føringar er ikkje ynskeleg. Vurdering vil bli gjort i kvar einskild sak.*
2. *Innspel i områder med reguleringsplan skal ikkje godkjennast. Områder i reguleringsplan kan handsamast dersom det gjeld særskilde enkeltsaker.*
3. *Innspel som råker dyrka jord er ikkje ynskeleg. Dersom eit innspel råker dyrka jord (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og beitemark) eller dyrkbar jord vil innspelet bli nøye vurdert opp mot samfunnsnytte. Unnatak kan gjerast i enkeltsaker etter særskilde vurderingar grunnlagt i KU.*
4. *Kommunen vil ikkje opne for «omkampar» frå kommunedelplanen til Etnesjøen.*
5. *Dersom eit privat innspel ikkje er heilt i tråd med administrasjonen sine faglege tilrådingar, kan administrasjonen endre utstrekning og/eller føremål. Det vil då verte administrasjonen sitt reviderte framlegg som vert vidare vurdert i konsekvensutgreiing (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse).*

Nokre av innspela er det ikkje fylt skjema for då dette av ulike grunnar ikkje har vore naudsynt. Oversikt over forslag til grovsortering av kommuneplaninnspel (KPI) fylgjer under:

Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-1	Ve 1	Område vert regulert i samband med detaljregulering for Vee.		X		
KPI-5	Steine	LNF → næring og bustad	X		X	
KPI-7	Går ut	Framlegg trekt.				
KPI-13	Sæbø 1	Veg → bustad		X		
KPI-21	Skålnes ytre 1	Park/bustad → friområde		X		
KPI-23	Aksdal	LNF → LNF				
KPI-27	Skoga 1	LNF → Fritidsbusetnad og fritids- og turistformål		X	X	
KPI-30	Går ut	Ført dobbelt.				
KPI-32	Berge 1	Friområde → bustad		X		
KPI-36	Berge 2	Friområde → bustad		X		
KPI-39	Milje 1	Sjø og farlei → Småbåthamn		X		
KPI-41	Håland ytre	LNF og LNFS → Næring	X		X	
KPI-45	Gravelsæter	LNF → bustad	X		X	
KPI-50	Berge 3	Friområde → bustad		X		
KPI-52	Skålnes ytre 3	LNF → Bustad og friområde		X		
KPI-55	Sørheim	LNF → Råstoffutvinning	X	X	X	
KPI-62	Haugen 1	LNF → bustad	X		X	X
KPI-65	Molnes	LNF → naust og bustad	X			
KPI-67	Enge 2	Endring av føresegn regplan.		X		
KPI-68	Vettestø	LNF → naust og fritids- og turistformål	X			
KPI-81	Nes ytre	Område vert regulert i samband med detaljregulering for Trønskenes.		X		
KPI-85	Nes ytre	Område vert regulert i samband med detaljregulering for Trønskenes.		X		
KPI-89	Enge 3	Innspel trekt.				
KPI-90	Støle 2	LNF → bustad			X	
KPI-91	Milje 4	Forretning/kontor og parkering → Bustad og næring		X		
KPI-92	Støle 1	LNF → bustad	X		X	
KPI-94	Milje 5	LNF og friområde/park → bustad		X		
KPI-95	Vannes	LNF → fritidsbustad	X			
KPI-98	Teigland 4	LNF → bustad			X	
KPI-99	Matskår 2 og Sæbø 2	LNF → bustad	X	X	X	X
KPI-103	Dynjebakken	LNF → næring	X		X	X
KPI-104	Kambe	LNF → bustad		X	X	
KPI-108	Osvåg	LNF → bustad	X			
KPI-114	Dynjebakken	LNF → bustad	X		X	X
KPI-115	Haugen 3	Friområde, småbåthamn og friluftsområde → småbåthamn		X		
KPI-125	Skjensvoll	LNF → bustad og næring	X		X	
KPI-126	Enge 5	LNF → bustad og veg	X		X	
KPI-127	Nedre Sandvik 5	LNF → fritids- og turistformål, bustad og fritidsbustad	X			
KPI-129	Osvåg 2	LNF → bustad	X		X	
SUM	39		17	18	16	4

INNHALDLISTE

KPI – 5 - STEINE	3
KPI – 13– SÆBØ 1	4
KPI – 21 – SKÅLNES YTRE 1	5
KPI – 23 – AKSDAL	6
KPI – 27 – SKOGE 1	7
KPI – 32 – BERGE 1	8
KPI – 36 – BERGE 2	9
KPI – 39 MILJE 1	10
KPI – 41– HÅLAND YTRE	11
KPI – 45 – GRAVELSÆTER	12
KPI – 50 – BERGE 3	13
KPI – 52 – SKÅLNES YTRE 3	14
KPI – 55 – SØRHEIM	15
KPI – 62 – HAUGEN 1.....	16
KPI – 65 – MOLNES.....	17
KPI – 67 – ENGE 2.....	18
KPI – 68 – VETTESTØ	19
KPI – 89 ENGE 3 – INNSPEL TREKT.....	20
KPI – 90 STØLE 2.....	21
KPI – 91 MILJE 4	22
KPI – 92 STØLE 1.....	23
KPI – 94 MILJE 5	24
KPI – 95 VANNES	25
KPI – 98 – TEIGLAND 4.....	26
KPI – 99 – MATSKÅR 2	27
KPI – 103 – DYNJEBAKKEN.....	28
KPI – 104 – KAMBE	29
KPI – 108 – OSVÅG	30
KPI – 114 – DYNJEBAKKEN.....	31
KPI – 115 – HAUGEN 3.....	32
KPI – 125 – SKJENSVOLL	33
KPI – 126 – ENGE 5	34
KPI – 127 – SANDVIK NEDRE 5.....	35
KPI – 129 – OSVÅG 2	36

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 5 - Steine	
Føreslått føremål:	Næring og bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	043/003
Arealstorleik:	30,2
Forslagsstillar:	Stølås, Gerd
Kort skildring:	Ynskje om næringsareal og bustader – Steinshagen. Ligg i dag til eksisterande E134 – vil komme i konflikt med ny E134. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-5	Steine	LNF → næring og bustad	X		X	

Samla vurdering og konklusjon:

Innspelet er ikkje i samsvar med nasjonale føringar om lokalisering av både næring og bustad. Bustadområder skal som hovudregel ikkje leggst til områder som ikkje er sentrumsnære. Eit minstekrav, meiner administrasjonen, er at det er opparbeida tilstrekkeleg gang- og sykkelveg til skule og sentrumsfunksjonar. Næring og bustader bør ikkje samlokiserast – heller ikkje næring og landbruk. Det vil bli naudsynt med buffersonar mot dei ulike arealformåla. Desse buffersonene – samt sikringssone for ny E134 vil redusere området for utbygging betraktelig. Området er òg midt i eit heilskapleg jordbruksområde og innanfor kjerneområde landbruk.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for handsaming av innspel til kommuneplanen sin arealdel.. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og foreslår at innspelet ikkje går gjennom vidare konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 13– Sæbø 1	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	Veg
Gards- og bruksnummer:	011/039
Arealstorleik:	1,1
Forslagsstillar:	Resen-Fellie, Christin
Kort skildring:	Ubygd tomt i Sæbøvika, Etnesjøen. Tidlegare regulert til veg i samband med omlegging av europavegen. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-13	Sæbø 1	Veg -> bustad		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Skogholt i urbant landskap. Område regulert til veg. Tidlegare regulert til veg i samband med no skrinlagt omlegging av europavegen. Traseen skal no gå lenger unna sentrum. Ligg i reguleringsplan – vente på reguleringsendring. Kommuneplanen er til revisjon – ikkje reguleringsplanar. Ein ynskjer å unngå perforering av gjeldande reguleringsplanar.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for handsaming av innspel til kommuneplanen sin arealdel. Administrasjonen foreslår at innspelet ikkje går gjennom vidare konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 21 – Skålnes ytre 1	
Føreslått føremål:	Friluftsområde
Føremål i dagens plan:	Friområde
Gards- og bruksnummer:	136/013
Arealstorleik:	2,7
Forslagsstillar:	Christophersen, Alf Warloe
Kort skildring:	Ynskjer å omregulere området på fastlandet ovanfor Peparen til friluftsområde. Skånevik sentrum.
Sjå samla vurdering og konklusjon.	



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-21	Skålnes ytre 1	Park/bustad → friområde		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Ynskjer å omregulere området på fastlandet ovanfor Peparen til friluftsområde. «Dette er eit område for framtid rekreasjon og leike/aktivitetsområde» Eigar av 136/1 og 136/1-1 nyttar området som feriebustad for familien. Allereie regulert til park og friområde i reguleringsplan. Ligg som friområde i kommuneplan. Området er i grove trekk i samsvar med innspel.

Innspel er i regulert i område.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for handsaming av innspel til kommuneplanen sin arealdel. Administrasjonen foreslår at innspelet ikkje går gjennom vidare konsekvensutgreiing.

Administrasjonen vurderer det slik at området i grove trekk er i samsvar med forslagsstillar sitt innspel.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 23 – Aksdal	
Føreslått føremål:	LNF
Føremål i dagens plan:	LNF og LNF-Spreidd
Gards- og bruksnummer:	026/002
Arealstorleik:	17,1
Forslagsstillar:	Fitje, Martin
Kort skildring:	Ynskjer å sette opp jakt- og gjetarbu ved Vasstølsvatnet. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-23	Aksdal	LNF → LNF				

Samla vurdering og konklusjon:


Treng ingen arealformålsendring. Allereie LNF og LNF-spreidd. Området er utsatt for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred. LNF-områder opnar for etablering av jakt- og gjetarbu opp til ein viss storleik. LNFS vil opne for òg større. Området ligg i inngrepsfri natur (1-3 km frå inngrep).

Forslagsstillar må sende byggesøknad. Vil vere krav til skredanalyse om det skal byggast i aktsemdssone for skred.

Kommuneplan er vurdert til å vere tilfredsstillande.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 27 – Skoge 1	
Føreslått føremål:	Fritidsbusetnad og fritids- og turistformål
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	139/002
Arealstorleik:	32,8
Forslagsstillar:	Hus, Helge
Kort skildring:	Ynskjer å utvide område for fritidsbusetnad i overkant av allereie regulert område for fritidsbusetnad (A). Område sør på bilete. Ynskjer òg campingplass nord på bilete (B). Vest for Tendalsvik. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspelet	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-27	Skoga 1	LNF -> Fritidsbusetnad og fritids- og turistformål		X	X	

Samla vurdering og konklusjon:

A: Om lag ti ledige tomter på regulert område (2013). Området er ei utviding av eksisterande fritidsbustadsområde og soleis i tråd med KPS §10.7. Det vil vere naturleg å sjå på mogleg utviding av området i forbindelse med stadfesting av regulert hyttefelt i kommuneplan.

Administrasjonen tar innspelet til etterretning.

Arealet vil bli handsama i KU og ROS for LNFS-Skoga i eigen sak.

B: Administrasjonen skal gjere ei overordna vurdering av behov for campingplassar i kommunen. Vurdere utviding framføre nye områder. Innspelet er i grunn ei endring, og utviding, av reguleringsplan R-95 Veavik, Tendal. Campingplassen er føreslått plassert i området detaljregulert til jordbruk. Det er betydelege strandsoneverdiar innanfor avgrensa området.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 32 – Berge 1	
Føreslått føremål:	Busetnad
Føremål i dagens plan:	Friområde
Gards- og bruksnummer:	131/113
Arealstorleik:	0,1
Forslagsstillar:	Løhaugen, Ann Hilde Skram
Kort skildring:	Bør sakshandsamast saman med KPI-36 og 50. Gjeld eigedom 131/176. Prestavågen, Skånevik.
	Grovsortert. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-32	Berge 1	Friområde → bustad		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Innspelshavar har kjøpt eigedom ned mot sjø. Ynskjer tilsvarende regulering som naboeigedommar mot vest i reguleringsplan for Skånevik (R-32Del3). Delar av friområde omregulert til bustad. Meiner omregulering av eigdommen betre vil reflektere faktisk bruk. Deler av naust ligg innafor område. Har rett til båtopptrekk, naust og brygge.

Innspelet er i regulert område. Må takast opp igjen ved reguleringsendring.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 36 – Berge 2	
Føreslått føremål:	Busetnad
Føremål i dagens plan:	Friområde
Gards- og bruksnummer:	131/124
Arealstorleik:	0,4
Forslagsstillar:	Haaland, Anne Marie Bokn
Kort skildring:	Gjeld eigedom 131/174. Innspelshavar eig eigedom ned mot sjø. Ynskjer grensa for friområde blir trekt ned mot den naturlege strandkanten. Grovsortering. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-36	Berge 2	Friområde -> bustad		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Delar av friområde omregulert til bustad. Meiner omregulering av eigedommen betre vil reflektere faktisk bruk. Jord- og sørpeskred. Finnes ikkje bygningar på området. Morellar, plommer, rips og solbær på området.


Innspelet er i regulert område (reguleringsplan for Skånevik). Må takast opp igjen ved reguleringsendring.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 39 Milje 1	
Føreslått føremål:	Småbåthamn
Føremål i dagens plan:	Friluftsområde i sjø og vassdrag
Gards- og bruksnummer:	134/027
Arealstorleik:	
Forslagsstillar:	Krambua A/S
Kort skildring:	Utviding av småbåthamn i Skånevik sentrum. Grovsortering. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspeil	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspeil i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-39	Milje 1	Sjø og farlei → Småbåthamn		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Vil gå inn i badeområde rundt Peparen. Småbåthamna ligg allereie i *trafikkområde i sjø*. Vil gå meir inn i dette. Alternativ kunne vere å lage ein ny pir langs med noverande pir. Peparen er vurdert som *viktig* naturtype. Blir av administrasjonen sett på som konfliktfylt i samband med Peparen. Ny/utviding av småbåthamn bør med fordel leggjast anna sted i Skånevik.


Innspelet er i regulert område. Må takast opp igjen ved reguleringsendring.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 41– Håland ytre	
Føreslått føremål:	Næringsareal og parkering
Føremål i dagens plan:	LNF og LNF spreidd bustad
Gards- og bruksnummer:	052/006
Arealstorleik:	13,4
Forslagsstillar:	Haugen, Marta og Odd
Kort skildring:	Ynskjer næringsareal og parkering lang ny veg i Stordalen. Ser for seg fasilitetar for turist og næringstrafikk. Gjerne område for butikk og næring.
	Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-41	Håland ytre	LNF og LNFS -> Næring	X		X	

Samla vurdering og konklusjon:

Administrasjonen ser på innspel som mindre aktuelt. Det vil vere meir eigna plassar for framtidig næringsutvikling langs E134. Området er innanfor NGI-aktsemdsone for *skred*. Nedbygging av *dyrka mark* er heller ikkje ynskja (4 da).. Større *kulturminnelokalitet* på området (med sikringssone 3,4 da.) – nedbygging av kulturminner er ikkje ynskja. Kommunen vil sjå på tilrettelegging for nye næringsareal for heile kommunen – dette området er vurdert til ikkje å vere aktuelt i denne omgang.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og foreslår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 45 – Gravelsæter	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	005/003
Arealstorleik:	0,7 da
Forslagsstillar:	Gravelsæter, Haldor
Kort skildring:	Ynskjer å endre arealformål frå LNF til bustad. Har tidlegare søkt om frådelling. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-45	Gravelsæter	LNF → bustad	X		X	

Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen opnar for spreidd busetting i krinsane i kommunen. Busetting skal då hovudsakleg skje i LNFS-områder. Spreidd busetting og punktmarkering av bustader så nær Etne sentrum er ikkje heldig. Området er tidlegare søkt om frådelt, blei då avslått.

Ein ynskjer å unngå *punktmarkering* av bustader. Området er over 50% *dyrka mark*. Kommunen har i kommuneplanen §10.4 vedteke at landbruksareal, dyrka eller dyrkbart, ikkje skal nyttast til bustader. Område er innanfor kjerneområde for landbruk og bryt opp jordbrukslandskap som *ikkje er ynskjeleg for bustadutvikling*.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og foreslår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 50 – Berge 3	
Føreslått føremål:	Busetnad
Føremål i dagens plan:	Frrområde
Gards- og bruksnummer:	131/110
Arealstorleik:	0,3
Forslagsstillar:	Bokn, Solveig Elin
Kort skildring:	Ynskjer friområde omregulert til bustad. Prestavågen, Skånevik.
Grovsortert. Sjå samla vurdering og konklusjon.	



Innspeil	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspeil i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-50	Berge 3	Frrområde -> bustad		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Ynskjer grensa for friområde blir trekt ned mot den naturlege strandkanten. Delar av friområde omregulert til bustad. Jord- og sørpeskred. Finnes ikkje bygningar på området. Grønsaker og frukthage på området

Innspelet er i regulert område (reguleringsplan for Skånevik). Må takast opp igjen ved reguleringsendring.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 52 – Skålnes ytre 3	
Føreslått føremål:	Småhusbusetnad og friområde
Føremål i dagens plan:	Bustad i kommuneplan. Regulert område.
Gards- og bruksnummer:	136/013, 136/024
Arealstorleik:	8,1 daa
Forslagsstillar:	Espeland, Mari
Kort skildring:	Ynskjer å opne for småhusbusetnad. Sentrumsområde i Skånevik. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-52	Skålnes ytre 3	LNf → Bustad og friområde		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Ynskjer å opne for småhusbusetnad. Innspelet er allereie i tråd med kommuneplanen. Området er regulert av R32-del 1 Skånevik. Eine del av eigedommen er verna (bevaring av bygningar), andre del er satt av til byggeområde for aldersbustader eller liknande.

Innspelet er i regulert område. Må takast opp igjen ved reguleringsendring.

Administrasjonen vurderer innspelet til å vere i tråd med kommuneplanen.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 55 – Sørheim	
Føreslått føremål:	Råstoffutvinning
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	0,36/004, 036/005, 036/010, 036/012
Arealstorleik:	547,2 da.
Forslagsstillar:	Åsbø Sanddrift
Kort skildring:	Utviding av råstoffutvinning på Sørheim og Austrheim. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-55	Sørheim	LNF -> Råstoffutvinning	X	X	X	

Samla vurdering og konklusjon:

Innspelet omhandlar 323,56 da dyrka mark. 23,45 da beitemark og 13,72 da overflatedyrka mark. Det råker fleire kulturminner (mellom anna førespegla vernesone Stødleterrassen) og vil gje store verknader for landskapet. Etnebygda er inkludert i Riksantikvaren si kartlegging av historiske kulturmiljø med nasjonal verdi. I kartlegginga er landskapsformen i bygda tileigna høg verdi.


Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Administrasjonen har laga eit alternativt område (mindre bilde over) som ein ser på som meir realistisk (19,4 da.). Området vil handsamast i KU og ROS for Råstoffutvinning – Stødleterrassen. Dette området som administrasjonen har satt av kjem utanfor det som er førespegla som vernesone for Stødleterrassen. Innspelet må sjåast i samanheng med ny regulering for massteak på Austrheim.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 62 – Haugen 1	
Føreslått føremål:	Busetnad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	010/004
Arealstorleik:	2,4 da
Forslagsstillar:	Børve, Torstein og Holmefjord, Reidun
Kort skildring:	Bustadtomter utanfor Etnesjøen. Hovudalternativet lengst sør er tenkt som to bustadtomter. Området lengst nord er tenkt som eit alternativt område. Dette er områder med historie i forvaltninga. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-62	Haugen 1	LNF → bustad	X		X	X

Samla vurdering og konklusjon:

To alternativ – eine alternativet nærmast sentrum er 100% jordbruksjord.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Hovudalternativet er tenkt som to tomter på innmarksbeite (reknast og som dyrka jord). Har fått avslag frå Fylkesmannen tidlegare. Kjerneområde landbruk. *Kommuneplanen sin samfunnsdel spesifiserer at nybygg skal skje gjennom fortetting og bygging på utmark.* Fare for kvikkleireskred. Arealrekneskap for bustader i, og rundt, Etnesjøen syner at ein har tilstrekkeleg med bustadareal til disposisjon. Ein ynskjer hovudsakeleg ikkje spreidd bustad i sentrumsnære områder. Dette er i tråd med kommuneplanen og nasjonale- og regionale føringar.


Administrasjonen tilrår avslag òg for hovudforslag.

Dette er òg områder som har ei lang historie i forvaltninga. Ein har satt som prinsipp at ein ikkje skal opne for «omkampar» frå kommunedelplan Etnesjøen.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom ROS-analyse.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 65 – Molnes	
Føreslått føremål:	Busetnad og Andre bygg og anlegg (naust)
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	141/002, 141/011, 141/027
Arealstorleik:	7365 da
Forslagsstillar:	Birkenes, Osvald
Kort skildring:	Ynskjer bustadområde på Molnes. Området ligg allereie i LNF-spreidd busetnad. Forslagsstillar ynskjer dette definert om til å famne om bustader. Òg innspel aust for dette som vil kunne takast med i revidert LNF-spreidd området. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-65	Molnes	LNF → naust og bustad	X			

Samla vurdering og konklusjon:

Arealrekneskap for Etne kommune syner ei betydeleg vekst i folketal på Skåneviksstranda. Sjølv om folkevekst i seg sjølv er positivt fører det meg seg utfordringar som trygg skuleveg og mangel på nærleik til servicefunksjonar. Nye bustader på Skåneviksstranda vil primært komme i LNF spreidd område. Noverande LNFS-område vil bli justert, og alternativt opne for bygging av fleire bustader i LNF-spreidd. Busetting i krinsane skal hovudsaklig skje i LNFS-områder.

Administrasjonen tilrår ei justering av LNFS med omsøkt område minus dyrka mark.

Arealet vil handsamast i KU for LNFS-Mortveit.

Naustplassering 30 meter frå gravrøys. Eksisterande naust i området allereie. Ikkje veg ned til tomt. Administrasjonen ynskjer ikkje å punktmarkere naust. Naust skal hovudsaklig samlast i større naustmiljø. Dette er òg Fylkesmannen si innstilling til planlegging av naust i strandsona. Områder for større naustmiljø vil kartleggast av administrasjonen.

Innspelet om naustområde bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette arealformålet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 67 – Enge 2	
Føreslått føremål:	Mindre endring i føresegn i detaljreguleringsplan for Etnesjøen
Føremål i dagens plan:	Sentrumsområde – bustad/forretning/kontor
Gards- og bruksnummer:	032/006
Arealstorleik:	Plankart
Forslagsstillar:	Mala, Aslaug Olden
Kort skildring:	Ynskjer å endre føresegn i R-plan 108 for Etnesjøen. Sjå samla vurdering og konklusjon.

Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-67	Enge 2	Endring av føresegn regplan.		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Området er merka som kombinert næring/bebyggelse i R-plan.

Ynskjer tekst merka i raudt (under) endra til: «Bustader og utleigebustader kan *førast opp*».

«Område for næring/bustad (BF4) skal kunne nyttast til bevertning, utleige og anna lettare næringsdrift. Næring knytt til hestehald skal kunne drivast i området. *Bustader og utleigebustader knytt til næringsaktiviteten i området kan også førast opp.* For eventuelle bustader i området skal føresegnene for bustadområde følgjast. Maksimal mønehøgde for næringsbygg er 8 m. Takform kan vurderast. Sjå §2 pkt 1.»

Endring av reguleringsplanføresegner er ikkje eit aktuelt tema ved noverande revisjon av kommuneplanen.

Administrasjonen tilrår ikkje forslaget.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 68 – Vettestø	
Føreslått føremål:	Andre typar bebyggelse og anlegg (naust)
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	022/016
Arealstorleik:	15,1
Forslagsstillar:	Opheim, Ove
Kort skildring:	Sørstranda. Utarbeide veg i fbm. hogst (planta gran). Ynskjer i den anledning òg å opparbeide to naust til privat/utleige av lagringsplass og båtfeste. Område frå vegen ned mot sjøen. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-68	Vettestø	LNF → naust og fritids- og turistformål	X			

Samla vurdering og konklusjon:

Administrasjonen ynskjer ikkje å legge til rette for naust i områder som ligg i urørt strandsone i aktsemdssone for snø- og steinskred samt jord- og flaumskred. Området har ei jamn helling på 27 til 30 grader i heile området. NVE kan ikkje sjå bort frå rasfare i alle områder med meir enn 25 grader helling. Det er ingen bebyggelse i området. Administrasjonen ynskjer primært å legge til rette for naustformål i etablerte naustområder.


Heile området innanfor NGI-skredsone og jord- og flaumskred. Stor rasfare. Vanskelig med veg. Innspelet er ikkje i tråd med utviklingsplanane til kommunen.

Vert vurdert unntatt frå vidare KU og ROS-analyse.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 89 Enge 3 – Innspel trekt	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	Erverv/bebyggelse og anlegg
Gards- og bruksnummer:	032/153
Arealstorleik:	19,37
Forslagsstillar:	Oddvar Flatebø
Kort skildring:	Planteskulen. Større bustadområde. Innspel trekt.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-89	Enge 3	<i>Innspel trekt.</i>				



Samla vurdering og konklusjon:

Området blir liggande som næring. Kommunen må vurdere særskilde føresegner knytt til type næring.

Innspel trekt.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 90 Støle 2	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	035/006
Arealstorleik:	6,6
Forslagsstillar:	Stødle, Sigurd
Kort skildring:	Ynskjer bustadtomter i Stødlebakken, Etne. Sjå vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-90	Støle 2	LNF → bustad			X	

Samla vurdering og konklusjon:


Ikkje fare for ras. Blir ei slags fortetting. Utviding av bustadområder bør skje der det er *trygg skuleveg* og i høveleg avstand til sentrum. Administrasjonen ynskjer i stor grad å legge til rette for bustader i gangavstand (på trygg veg) frå sentrum og skule. Kommuneplanen sin samfunnsdel 10.4 seier at *dyrka eller dyrkbar mark ikkje skal nyttast til bustader*. Dette er i samsvar med nasjonale- og regionale føringar. Det er om lag 2 dekar dyrka jord og noko dyrkbar jord på området. Området vil inkludrast i LNF-område for spreidd bustad- og fritidsbygg (Stødle 1). LNFS-området er i utgangspunktet oppretta som nullkvote.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealbruken i denne planperioden.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 91 Milje 4	
Føreslått føremål:	Bustad/ kombinert bustad og anleggsformål
Føremål i dagens plan:	Forretning/kontor og parkering – Sentrumsformål i K-plan
Gards- og bruksnummer:	134/022, 134/039
Arealstorleik:	2,7
Forslagsstillar:	Iversen, Osmund Lind
Kort skildring:	Bustadområde sentralt i Skånevik. Grovsortering. Sjå oppsummering.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-91	Milje 4	Forretning/kontor og parkering -> Bustad og næring		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Ynskjer areal i regplan merka som p-plass omregulert. Ligg som sentrumsføremål i gjeldande kommuneplan. Det er reguleringsplanen som i dette tilfellet det vil vere naudsynt å endre. Noverande bruk er hage. Deler av hagen er òg merka som gang- og sykkelvei. Noko område er merka som tursti.


Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for handsaming av innspel til kommuneplanen sin arealdel. Administrasjonen foreslår at innspelet ikkje går gjennom vidare konsekvensutgreiing.

Innspel ligg i regulererte områder. Må takast opp i igjen ved reguleringsendring.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 92 Støle 1	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	035/002
Arealstorleik:	8,8
Forslagsstillar:	Gundegjerde, Roar
Kort skildring:	Ynskjer bustader på Støle, Etne. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspelet	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-92	Støle 1	LNF -> bustad	X		X	

Samla vurdering og konklusjon:

Området er bratt med fare for jord- og flaumskred. Noko område ligg innanfor NGI-skredzone. Deler av området er i kjerneområde for landbruk. Går ein bekk langs området Vegetasjonsbelte langs bekk Området er ikkje særleg sentrumsnært. Bør vere tomter med fin utsikt. Området rår 7,6 da beitemark. Administrasjonen har vurdert det til at kommunen har tilstrekkeleg bustadreserve og at ein berre vil ta inn særleg eigna områder som nye bustadområder.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Deler av området er inkludert i ny LNFS Stødle 2.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 94 Milje 5	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF og bustad
Gards- og bruksnummer:	134/032 og 134/014
Arealstorleik:	29,9
Forslagsstillar:	Bull-Tornøe, Christian
Kort skildring:	Bustadområder sentralt i Skånevik. Ynskjer arealføremålsending til bustad. Grovsortering. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspeil	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspeil i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-94	Milje 5	LNF og friområde/park -> bustad		X		

Samla vurdering og konklusjon:

A: Regulert til landbruk i R-plan. 6,5 dekar dyrka mark. 4,1 dekar beitemark. Ligg allereie områder til bustadformål i området (både unytta og nytta). Vegetasjonssone til bekkeløp. Ingen merknadar knytt til omsynssonar. Ikkje kjerneområde landbruk. Administrasjonen har vurdert det til at kommunen har tilstrekkeleg bustadreserve og at ein berre vil ta inn særleg eigna områder som nye bustadområder.

B: Ligg i friområde/park.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Innspelet er i regulert område. Må takast opp igjen ved reguleringsending.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 95 Vannes	
Føreslått føremål:	Fritidsbustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	128/001
Arealstorleik:	
Forslagsstillar:	Rafdal, Hilde
Kort skildring:	Ynskjer fritidsbustader på Vannes, Skånevik. Berge Sag har spelt inn eit omfang på minimum 50-70 hytter med eit belegg på rundt 150 da. Grovsortering. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-95	Vannes	LNF -> fritidsbustad	X			

Samla vurdering og konklusjon:


Administrasjonen meiner det vil stride mot vedtekne målsettingar å legge til rette for fritidsbustader på Vannes. Området er utan veg, det er tilnærma urørd strandsone. Landskapet på Vannes er lokalt unikt. Omfanget som er førespegla frå Berge Sag vil føre med seg ei nærmast total nedbygging av halvøya. Det finnes områder utanfor strandsona på halvøya, men topografien tilseier at det er ikkje vil vere mogleg å komme utanom å nytte områder i strandsonen. Installasjonar til sjø, til dømes naust, sjøbuer og småbåthamner, vil uansett måtte komme i tilknytning til sjø. Omfanget er, i følgje Berge Sag, heilt naudsynt for å finansiere ein lang vegtilkomst og dyr teknisk utbygging med vatn og avlaup.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 98 – Teigland 4	
Føreslått føremål:	LNF spreidd busetnad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	113/001
Arealstorleik:	5,2 da
Forslagsstillar:	Hustveit, John Karsten
Kort skildring:	Ynskjer LNFS-bustad på ei høgde mellom Teigland og Markhus. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-98	Teigland 4	LNF -> bustad			X	

Samla vurdering og konklusjon:

Heile området er dyrka mark (5,1 da beitemark). LNF-område med tilnærma alt areal utanføre 100m-belte til sjø. Kan vere problem med veg opp til tomter. To landbruksbygningar på området no. Snøskred- og steinsprangfare. Renn ein bekk på området. Ein ynskjer primært ikkje busetnad i så rasfarlege områder.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.


Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.



Etne kommune

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 99 – Matskår 2	
Føreslått føremål:	Bustad/kontor/næring/handel
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	012/002
Arealstorleik:	27,4 daa
Forslagsstillar:	Grindheim, Ole Martin
Kort skildring:	Todelt innspel. Sæbøbakken (A) og i Sæbøvika (B). Reguleringsarbeid starta for Sæbøvika (B). Ynskjer kombinert bebyggelse og anleggsformål i A. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-99	Matskår 2 og Sæbø 2	LNF -> bustad	X	X	X	X

Samla vurdering og konklusjon:

Sæbøvika (B) er allereie starta detaljregulering av anna part. Område allereie regulert til bustad i KDP-Etnesjøen. For område i Sæbøbakken (A) bør ein heller vurdere fortetting i sentrum. Innspelet strid med kommuneplanen sin samfunnsdel 10.4., jordlova, statlege- og regionale føringar. *Dyrka- eller dyrkbar jord skal ikkje nyttast til bustader eller fritidsbustader som kan leggst andre steder.* Området famnar om lag 24 da dyrka jord. Administrasjonen har vurdert det til at kommunen har tilstrekkeleg bustadreserve og at ein berre vil ta inn særleg eigna områder som nye bustadområder. Det vil verte lagt opp til nye næringsområder i samband med ny europaveg. Område B er òg ein omkamp frå kommunedelplanen for Etnesjøen.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom full konsekvensutgreiing og ROS.

Administrasjonen tilrår ikkje arealaformålet.

Mogleg alternativt næringsareal er skissert mot aust (framlegg seinare endra). Sjå òg KPI-73.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 103 – Dynjebakken	
Føreslått føremål:	Næring
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	007/002
Arealstorleik:	2,3 da
Forslagsstillar:	Hardeland, Målfrid
Kort skildring:	Område på Enerhaug. Ynskjer å opne for næring i eit område der søkjar tidlegare har tatt ut stein. Steinuttaket er avslutta. I AR5 er markslaget «konstruert open fastmark». Området er òg spelt inn ifbm med KPI-114 – då som bustad. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-103	Dynjebakken	LNF → næring	X		X	X


Samla vurdering og konklusjon:

Området er innspelt som bustad i KPI-114. Grunnlaget for næring falt vekk. Avgjort i enkeltstående politisk sak (Arkivsak 16/29).

Arealet vil bli handsama i KPI-114.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 104 – Kambe	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	034/077
Arealstorleik:	5,7 da
Forslagsstillar:	Handeland, Geir
Kort skildring:	Utviding av bustadfeltet Kambe mot aust. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-104	Kambe	LNF -> bustad		X	X	

Samla vurdering og konklusjon:

Nærmare 80% av innspelet råker dyrka mark. Dette er i sterk strid med Etne kommune sin kommuneplan punkt 10.4 «Landbruksareal, dyrka eller dyrkbart, skal ikkje nyttast til hus, hyttebygging, vegframføring, eller andre utbyggingsføremål som kan leggjast andre stader.» Det er om lag 5 da dyrka jord i innspelt område. Omdisponering av dyrka mark strir òg mot jordlova og nasjonale- og regionale rettingsliner for planlegging. Innspelet strir òg mot dei prinsipp administrasjonen har satt for vurdering av innspel – både med tanke på dyrka mark og handsaming av innspel i allereie regulerte områder.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 108 – Osvåg	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	016/001
Arealstorleik:	18,41
Forslagsstillar:	Olsson, Torry Larsen
Kort skildring:	Ynskjer å legge til rette for bustad. Allereie tre bustader i området. Osvågla, ved avkjøring mot Sørstranda.
Sjå samla vurdering og konklusjon.	



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-108	Osvåg	LNF -> bustad	X			

Samla vurdering og konklusjon:

Området ligg klemt inne mellom ein eksisterande og ein framtidig europaveg. Detter er ikkje noko administrasjonen ser på som ei heldig plassering av bustader. Bustadene vil føre til ekstra press på mindre gode infrastrukturelle løysingar. Det er ikkje gang- og sykkelveg i området som vil føre til at alle ungar må få skuleskyss grunna farleg skuleveg. Bustadene vil heller ikkje følgje ATP Haugalandet eller nasjonale rettleiingslinjer om bustadlokalisering i tettstader og nært sentrumsfunksjonar. Likeeins seier rettleiingslinene at ein skal unngå nordvendte bygningar då dette gir dårleg energinytting. Kommunen har ein god bustadreserve og administrasjonen ser ikkje på desse områda som dei rette til å utvikle vidare.

Administrasjon tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 114 – Dynjebakken	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	007/002
Arealstorleik:	13,6 da
Forslagsstillar:	Hardeland, Terje
Kort skildring:	Område på Enerhaug. Ynskjer å omregulere til bustadføremål. Området er òg spelt inn ifbm med KPI-103 – då som næring. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspeil	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspeil i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-114	Dynjebakken	LNF -> bustad	X		X	X

Samla vurdering og konklusjon:

Administrasjonen vurderer berre innspelet om bustader på Enerhaug – då grunnlaget for næring er utgått (Arkivsak 16/29).

Administrasjonen ynskjer bustader i, og nær, sentrum. Likevel ser ein at gjeldande innspel råker ein del interesser som er viktige. Det er ikkje ynkeleg frå administrasjonen si side å bygge ned områder som er viktige for landbruket. Eit bustadfelt i nemnde område vil bryte opp store samanhengande landbruksområder som er med på sette særpreg på Etnebygda som kulturmiljø. Det er ikkje ynkeleg at bustader skal ligge så tett på eit gardstun då dette vil kunne føre med seg konflikhtar i framtida. Området råker om lag 2 dekar dyrka jord.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 115 – Haugen 3	
Føreslått føremål:	Friluftsområde, parkering og småbåthamn
Føremål i dagens plan:	Friluftsområde, turdrag og småbåthamn.
Gards- og bruksnummer:	010/001
Arealstorleik:	27,2 da
Forslagsstillar:	Etne båtlag
Kort skildring:	Båtlaget ynskjer lengre båtsesong. Har utarbeida forslag til endra bruk av området med eksisterande småbåthamn i Etnesjøen. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-115	Haugen 3	Friluftsområde, småbåthamn og friluftsområde -> småbåthamn		X		

Samla vurdering og konklusjon:

Dette er ei *reguleringsendring* og dermed *ikkje aktuelt* i denne omgang. Prinsipp for handsaming av innspel til kommuneplanen sin arealdel tilseier at innspel i regulerte område ikkje skal handsamast vidare etter ein innleiande konsekvensutgreiing. Administrasjonen ynskjer ikkje å bygge ned nyleg opparbeida promenade lang sjø med tilhøyrande støyvoll mot Tongane industriområde. Ein ser og at det ved utviding av småbåthamn kan gjere tilkomst til kommunal kai vanskelegare. Det er likevel viktig å streke under at kommunen i utgangspunktet ikkje er negativ til endringar, men at dette må gjerast på reguleringsplannivå.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 125 – Skjensvoll	
Føreslått føremål:	Bustad, næring
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	006/003
Arealstorleik:	4,7
Forslagsstillar:	Kringlebotten, Geir
Kort skildring:	Ynskjer næring og bustad på Skjensvoll sør-aust for K2 tomt. Kjem ny avkjøring i området. Ynskjer området tilrettelagt etter dette.
Sjå samla vurdering og konklusjon	



Innspelet	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-125	Skjensvoll	LNF -> bustad og næring	X		X	

Samla vurdering og konklusjon:

Innspelet tar for seg betydelege deler *dyrka mark*. Bustaddelen av innspelet råker og *eit kulturminne*. Administrasjonen er i utgangspunktet positive til sentrumsnære bustader – men ikkje dersom det går på kostnad av sentrumsnære gardsbruk. Ligg innanfor framlegg til kjerneområde landbruk.

Administrasjonen har vurdert det til at kommunen har tilstrekkeleg bustadreserve og at ein berre vil ta inn særleg eigna områder som nye bustadområder.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 126 – Enge 5	
Føreslått føremål:	Bustad og veg
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	032/146
Arealstorleik:	3,2
Forslagsstillar:	Eilerås, Gert
Kort skildring:	Bustadområde på utmark, Enge. Lager/reiskapshus på området no. Ser for seg to - tre bustader. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-126	Enge 5	LNF -> bustad og veg	X		X	

Samla vurdering og konklusjon:

Administrasjonen ynskjer bustadbygging i sentrumsnære områder velkommen. Likevel ynskjer ein ikkje å bryte opp større samanhengande jordbruksområder. Heile området som er omsøkt er òg dyrkbar jord og vil soleis bli bandlagt for framtida. Samstundes har området overhengande flaumfare (innanfor faresone for 20års-flaum) og ein vil soleis måtte redusere området vesentleg. Ein ender då opp med ei tilnærma punktmarkering av ein – til to – bustader. Dette er ikkje ynskjeleg frå administrasjonen si side. Vegtilkomst vil truleg krevje omdisponering av meir dyrka- og dyrkbar jord.


Administrasjonen har vurdert det til at kommunen har tilstrekkeleg bustadreserve og at ein berre vil ta inn særleg eigna områder som nye bustadområder.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg og tilrår at innspelet ikkje går gjennom konsekvensutgreiing.

Administrasjonen tilrår ikkje arealformålet.

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 127 – Sandvik nedre 5	
Føreslått føremål:	Fritidsbustader, utleigebustader, bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	149/047
Arealstorleik:	12,4
Forslagsstillar:	Blaszkievicz, Pawel
Kort skildring:	Sandvik, Skåneviksstranda. Ynskjer arealføremålsending frå LNF til bustader, fritidsbustader og fritids- og turistføremål. Sjå samla vurdering og konklusjon.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspel i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-127	Nedre Sandvik 5	LNF -> fritids- og turistformål, bustad og fritidsbustad	X			

Samla vurdering og konklusjon:

Eigar kjøpte nyleg (eitt år) eigedommen som landbrukseigedom med brukskonsesjon (beite og skoging). Prissetting av eigedommen blei satt med omsyn til området sin status som LNF. Arealføremålsending i etterkant av ein slik transaksjon er ikkje heldig. Skal ikkje endrast arealføremål i denne perioden.


Grovsortering.

Administrasjonen tilrår ikkje arealføremålet.

Arkivsaknr:15/1054

Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse

KPI – 129 – Osvåg 2	
Føreslått føremål:	Bustad
Føremål i dagens plan:	LNF
Gards- og bruksnummer:	016/002
Arealstorleik:	34,9
Forslagsstillar:	Engelsgjerd, Svein
Kort skildring:	Ynskjer å legge til rette for bustad. Allereie tre bustader i området. Osvågla, ved avkjøring mot Sørstranda.



Innspel	Lokalitet	Formål: frå – til	Statlege- og regionale føringar	Innspelet i reguleringsplan	Jordvern	Omkamp frå KDP Etnesjøen
KPI-129	Osvåg 2	LNF -> bustad	X		X	

Samla vurdering og konklusjon:

Området ligg klemmt inne mellom ein eksisterande og ein framtidig europaveg. Det er betydelege deler dyrka mark i avsatt område. Skog i nord registrert som dyrkbar jord. Dette er ikkje noko administrasjonen ser på som ei heldig plassering av bustader. Bustadene vil føre til ekstra press på mindre gode infrastrukturelle løysingar. Det er ikkje gang- og sykkelveg i området som vil føre til at alle ungar må få skuleskyss grunna farleg skuleveg. Bustadene vil heller ikkje følgje ATP Haugalandet eller nasjonale rettleiingslinjer om bustadlokalisering i tettstader og nært sentrumsfunksjonar. Likeeins seier rettleiingslinjene at ein skal unngå nordvendte bygningar då dette gir dårleg energinytting. Kommunen har ein god bustadreserve og administrasjonen ser ikkje på desse områda dei rette til å utvikle vidare.

Innspelet bryt med dei prinsipp administrasjonen har satt for vidare utvikling av kommunen. Administrasjonen vurderer dette innspelet som lite ynskeleg.

Administrasjon tilrår ikkje arealformålet.